



Fylkesmannen i Hordaland

andsamar, telefon
Britt Solheim, 5557 2334

Vår dato
08.05.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/5543
Dykkar referanse
Thomas Larsen

Gomann Rognaldsen AS
Veråsvegen 234
5955 Lindås

Rapport frå inspeksjon ved Gomann Rognaldsen AS 19. april 2017

Rapportnummer: 2017.041.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Tom Helge Larsen
Thomas Larsen
Sylvia Haugen
Steinar Skretting

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll
- avfallshandtering

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Gomann Rognaldsen AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. august 2017** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Lindås kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Gomann Rognaldsen AS	
Besøksadresse: Veråsvegen 234, 5955 Lindås	
Postadresse: Veråsvegen 234, 5955 Lindås	
E-post: thomas.larsen@coop.no	Telefon: 56343170/ 41763557
Kommune: Lindås	Organisasjonsnr.: 971758058
Bransjenr. (NACE-kode): 10.710- Produksjon av brød og ferske konditorvarer	Eigar (org.nr.): 980850382
Utsleppsløyve gitt: -	Siste tilsyn: -

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen vart også gjennomført for å følge opp melding om særskilde hendingar med forureining sendt frå Lindås kommune til Fylkesmannen.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- risikovurdering
- utsleppskontroll
- farleg avfall
- vedlikehald
- substitusjon av kjemikal

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. august 2017 sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 15. mars 2017 at Gomann Rognaldsen AS vil få eit gebyr på 14 600 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 3. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen sin for ytre miljø

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7
Produktkontrollova § 3a

Kommentar til regelverket:

Alle verksemdar pliktar å ha internkontroll. Internkontrollen har reglar om kva arbeidet med HMS skal innehalde, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering

Risikovurderinga hadde få risikomoment for ytre miljø. Risikovurderingar for brann og ammoniakkutslepp var vurdert. Verksemda kunne til dømes ikkje dokumentere risikovurdering for drift av feittavskiljar, støy til omgjevnadene eller brot på slange ved fylling av tank for lagring av mel. Risikovurdering for handtering av farleg avfall mangla også.

Rutinar

Verksemda har ikkje skriftleg rutine for mellom anna substitusjon av kjemikal, rutinar for drift og vedlikehald av feittavskiljar og avfallshandteringa. I verksemda sin prosedyre for avvikshandtering var ikkje avvik for ytre miljø tatt med.

Substitusjonsplikt

Det blei opplyst ved tilsynet at verksemda i seinare tid har hatt fokus på å bruke færre kjemikalia. I dette arbeidet er risikovurdering ved hjelp av Eco-online tatt i bruk. Kjemikal er blitt erstatta med mindre farlege kjemikal, men plikta til å gjennomføre substitusjon er ikkje dokumentert i internkontrollen. Skriftleg rutine for gjennomføring av substitusjonsplikta mangla.

Avvik 2: Verksemda sin lagring og levering av farleg avfall har manglar

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 11-5. Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall

Avfallsforskrifta § 11-8. Leveringsplikt

Avfallsforskrifta § 11-12. Verksemdas deklarasjonsplikt om innhaldet i avfallet

Kommentar til regelverket:

I avfallsforskrifta og tilhøyrande rettleiing går det fram at farleg avfall skal handterast forsvarleg. Alle som oppbevarer, transporterar eller handterer farleg avfall skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining.

Det går også fram at farleg avfall skal leverast minst ein gong per år, og at leveringsplikta gjeld når den totale mengda farleg avfall er over 1 kilo. Verksemdar som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om kor avfallet har oppstått og om innhald og eigenskapar, slik at vidare handtering av avfallet kan vil skje forsvarleg.

Når avfallet blir levert, skal verksemdar deklarerer avfallet i den elektroniske databasen Avfallsdeklarering.no.

Dersom lysstoffrøyr/sparepærer vert levert til forhandlarar av desse produkta, kan leveransen dokumenterast på annan måte. Verksemdar skal uansett ha dokumentasjon på at leveringsplikta er overhalden.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Ved tilsynet opplyste verksemda at sprayboksar blir levert som restavfall og at farleg avfall ikkje er lagra separat. Farleg avfall blir ikkje deklarerert i tråd med regelverket. Lysstoffrøyr er levert til avfallsmottak, men leveringa kunne ikkje dokumenterast ved tilsynet.

8. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Lindås kommune kontakta Fylkesmannen og varsla om at dei har motteke fleire meldingar frå innbyggjarar i Ådnevik om forureining i sjø og støy frå verksemda til Gomann Rognaldsen AS. Meldingane om forureining i sjø gjaldt feitt i sjøoverflata. Meldingane om støy gjaldt støy frå vifter, kompressorar og frå verksemda generelt.

Etter at kommunen har tatt kontakt med verksemda, har Gomann Rognaldsen AS gjennomført tiltak for å redusere støy ved mellom anna å isolere frysemotorer med matter både ute og inne. Nye dører er satt inn ved støyutsette områder, og det er bestilt støymålingar som skal utførast i juni 2017.

Ved tilsynet kunne vi sjå litt skimmel i sjøen nedanfor verksemda. Det var ikkje mogeleg å sjå kor dette kom ifrå. Vindretninga gjekk mot eigedomen. Vi kunne heller ikkje sjå at det har vore lekkasjar frå reinsesystema til verksemda på land.

Utslepp frå feittavskiljar og sanitæravløpsvatnet frå verksemda er tilknytt kommunalt avløpsanlegg. Dersom feittavskiljaren blir drifta og halde ved like, slik det er vist i dokumenatasjonen frå produsent/leverandør, vurderer Fylkesmannen det som lite sannsynleg at verksemda sine utslepp vil føre til forureining.

Fylkesmannen kjenner ikkje til at bakeriverksemdar som har påslepp til kommunalt avløpsnett er regulert etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Lindås kommune kan fatte vedtak om påsleppsavtale for verksemda, jf. forureiningsforskrifta § 15 A.

Kommunen kan stille krav til alle verksemdar som har påslepp til offentleg avløpsnett, dersom kommunen finn det nødvendig for å ivareta drift av reinseanlegget og/eller for å overhalde eige utsleppsløyve. Kommunen kan setje krav til:

- a) innhald i og mengde avløpsvatn eller i særlege tilfelle reinseeffekt,
- b) feittavskiljar, sandfang eller silanordning for avløpsvann med tilhørende vilkår,
- c) tilrettelegging for prøvetaking og mengdemåling av avløpsvatn,
- d) varsling av unormale påslepp av avløpsvatn, og
- e) utsleppskontroll og rapportering av fastsette krav til avløpsvatn og avløpsgebyr.